

Representanten Hammer (SV) har stilt følgjande spørsmål:

*"Spørsmål til samferdsledirektøren i utval for samferdsle og mobilitet 8.september 2021.*

*Eg har blitt kontakta av pendlarar og kollektivreisande på linje 19 som over ein lengre periode har vore oppgitt og frustrert over forseinkingar på linje 19. Spørsmål til samferdsledirektøren:*

*Har vi statistikk som stadfester at linje 19 har store forseinkingar, og veit vi kor og kvifor desse forseinkingane oppstår? Er det aktuelt å endre rutetabellen slik at ein justerer for desse forseinkingane, om det viser seg at bussen nytter lengre tid enn opprinnaleg fastsatt?*

*Kva gjer SKYSS med utfordringane på linje 19?"*

Avdelingsdirektør for mobilitet og kollektivtransport har følgjande svar:

Linje 19 har trase fra Åsane terminal, om Eidsvågneset, gjennom Bergen sentrum og til Melkeplassen. På grunn av vegarbeid i Carl Konows gate/Gyldenpris og i Øvre Fyllingsvei har det vore utfordringar med forseinkingar og lite føreseieleg køyretid på linja. Vegarbeidet gjev tidvis dårlig framkomst og varierande køyretider. Arbeidet i Øvre Fyllingsvei gjer at linja kører ein omlagt trase via Løvstakktunellen og Gabriel Tischendorfs vei.

Det er planlagt inn ekstra tid som buffer for å hente inn forseinkingar. Men med omkjøringstraseen får ein ikkje planlagt buffer i begge endar av linja, berre på Åsanesida. Det er utfordrande for planlegging av eit føreseieleg kollektivtilbod når det er stor variasjon i køyretida. Dersom ein har for lang køyretid, vil bussen måtte bli ståande på haldeplassar langs ruta for ikkje å köyre for tidleg - noko som også er uheldig.

Skyss følger med på forseinkingane og vurderer tiltak i samråd med operatør som kører linja. Når Øvre Fyllingsvei opnar for trafikk vil linje 19 få sin planlagde trase, og det er forventa at tilhøva for busslinja blir gode.